



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Onsdag 27. februar 2019 kl. 1745-2015

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad, Synnøva Sæbø

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 07/19: Meldingar

UFS 08/19: Rekneskap 2018

UFS 09/19: Årsmelding 2018

UFS 10/19: Utleigeordning og prisar 2019

UFS 11/19: Reinsjakt – prisar og søknadsprosess 2019

UFS 12/19: Budsjett

UFS 13/19: Uttale til krav om utvida fjellstyre

UFS 14/19: Uttale til utkast til ny forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark

UFS 15/19: Fjellhelg 2019

UFS 16/19: Møteplan 2019

UFS 17/19: Eventuelt

Steinar Langesæter/s/

Ragnar Ystanes/s/

Jørund Kvestad/s/

Hildegunn Espe/s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullevang herad

Hardanger Folkeblad



UFS 07/19: Meldingar

Saksdokument:

Postliste:

2019.01.28.010-Samson Hamre-Krav om forsterka fjellstyre
2019.02.11-137-Ullensvang musikklag-Gåvepremie basar
2019.02.13-352.3.Ullensvang fjellstyre-Søknad om løyve til å sette opp bru over Hansbubekken
2019.02.13-352.3.Statskog-Grunneiers tillatesle til oppsetting av bru ved Hansbu
2019.02.18-612.3-Villreinutvalet-Invitasjon til informasjons- og drøftingsmøte vedr. villreinkvote for Hardangervidda 2019

Saksutgreiing:

Gjennomgang av postliste og oppfylging av tidlegare vedtak mm på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane, og gav styret ei oppdatering på oppfylging av tidlegare vedtak og anna nytt i fjellstyret.

Vedtak (sak UFS 07/19):

Styret tek meldingane til orientering.

UFS 08/19: Rekneskap 2018

Saksdokument:

- 08-19 Resultat 2018
- 08-19 Balanse 2018

Saksutgreiing:

Rekneskapen for 2018 viser ein omsetnad på 332.846,-. Samla utgifter var 1.006.979,-. Det gir eit underskot på 653.136,- etter renteinntekter.



Fjellstyret har hatt store investeringar i løpet av 2018. Dette viser att på balansen i form av ein auke på hyttekontoen i balansen frå 779.964,- til 1.239.393,-.

Rekneskapen er sendt til revisor, men revisjonen er ikkje gjennomført enno. Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang av rekneskapen ved sekretær.

Det var ingen merknadar til rekneskapen.

Vedtak (sak UFS 08/19):

Styret godkjenner framlagd rekneskap med atterhald om godkjenning frå revisor.

Samrøystes vedteke.

UFS 09/19: Årsmelding 2018

Saksdokument:

- 09-19 Utkast årsmelding 2018

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding ligg vedlagt saka.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Utkast til årsmelding blei gått gjennom. Det var ingen merknadar til årsmeldinga.

**Vedtak (sak UFS 09/19):**

Styret godkjenner årsmeldinga utan endringar.

Samrøystes vedteke.

UFS 10/19: Utleigeordning og prisar 2019**Saksdokument:****Saksutgreiing:**Prisar

Tabell 1. Utleigeprisar i 2018.

Hyttleige	Prisar 2018	
	Pris pr. døgn pr. person	Pris ved utleige av heile hytta
Ullsbu	130,-	520,-/780,-*
Rogdabu	110,-	220,-
Naustet	130/80 (ulåst del)	520,-
Raudåna	130,-	520,-**
Raudåna – oppsynshytta	130,-	260,-
Persbu	110,-	220,-

* 780,- for leige av heile hytta i reinsjakta

** Pr. del (4 sengeplassar i kvar)

Prisane blei auka ein del i 2018. I tillegg blei det berre opna for å leige heile hyttene i sommarhalvåret (før reinsjakta). Sekretær vurderer prisane til å vere på eit ok nivå, og tilrår at prisane blir halde uendra i 2019.

For naustet er det naturleg å ha lik pris per seng som Ullsbu og Raudåna. Det bør ikkje leggjast opp til utleige i naustdelen. Ved fri bruk av naustdelen kan ein risikere å bryte branntekniske krav til tal personar som overnattar i hytta.



Utleigeordning

Fjellstyret nytta Scanatura til å administrere utleige av hyttene for fyrste gong i 2018. Det lettar arbeidet med administrering av utleige, og det gjer det mogleg for brukarane av hyttene å bestille overnatting kort tid før dei reiser til fjells.

I 2018 blei det lagt inn ei sperre på postnummer fram til 1. juli, slik at berre innanbygdsbuande kunne booke overnatting. Sekretær si erfaring med dette var at det var svært lite etterspurnad frå innanbygdsbuande i denne perioden, og det er ikkje tilrådd at det blir ei tilsvarande løysing i år. Dersom fjellstyret vil ha «fyrsterett» til innanbygdsbuande er det ei betre løysing at innanbygdsbuande sender inn ynskje på e-post fram til ein viss dato. Sekretær tildeler etter det overnatting ut frå prinsippet om at dei som leigde i fjor stiller bakerst i køen. Etter denne tildelinga blir det opna for alle å leige via Scanatura.

Sekretær ynskjer ei tilbakemelding frå fjellstyret på korleis ordninga skal vere i 2019. Nokre stikkord:

- Postnummersperre?
- Tildeling til innanbygdsbuande, før til dømes 1. mai, og deretter opning på Scanatura?
- Uleige av heile hyttene fram til jakta, og deretter moglegheit for å leige enkeltsenger, som i 2018?

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Styret slutta seg om ei ordning med ei tildeling til innanbygdsbuande før 1. mai, og deretter fritt sal via Scanatura utan postnummersperre. Det blir lik ordning som i fjor, med utleige av heile hyttene i sommarvekene, og opning for å booke enkeltsenger i reinsjakta. Prisane blir halde uendra frå 2018. Naustdelen av naustet blir ikkje nytta til utleige.

Styret ynskjer ei annonse i Hardanger Folkeblad med info om hytteleige og søknadsprosess reinskort i midten av april.

Vedtak (sak UFS 10/19):

Utleige av hyttene i 2019 blir gjennomført i tråd med konklusjonane i referatet.



UFS 11/19: Reinsjakt – prisar og søknadsprosess 2019

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Tabell 2. Prisar på reinskort i 2018.

	2018
Fritt dyr	1.900,-
S/u	1.200,-
Kalv	600,-

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Det blei gjort ei justering av prisane i 2018. Då auka prisane på fritt dyr frå 1.700,- til 1.900,-. Simle/ungdyr blei selt til 1.200,- og kalv 600,- (selt samla for 1.500,- i 2017). Det er usikkert kor stor kvota blir i 2019. For å kunne friskmelde reinsstamma for CWD kan det sjå ut til at det blir ei høgare kvote enn i 2018, og truleg ei rein bukkejakt. Ein kan difor få ein situasjon med mykje kort, medan stamma framleis er relativt låg. Med ei kvote på til dømes 6000 dyr har fjellstyret 428 kort. Med så mykje kort kan det bli svært mange jegerar på området. Det er difor avgjerande at ein får flest mogleg til å kjøpe meir enn eit kort, og det er særskilt viktig at det blir attraktivt for innanbygdsbuande å kjøpe meir enn eit kort. Sekretær tilrår difor ei rabattordning ved kjøp av fleire kort. Det er usikkert om det blir ei rein bukkejakt, eller om dei vanlege korta blir tilgjengeleg (fritt dyr, simle/ungdyr og kalv).

Fjellstyret har nytta Inatur som salsside for reinskorta dei to siste åra, og sekretær tilrår at Inatur blir nytta også i år. Fjellstyret må gi fullmakt til at trekking og sal av jaktkort blir gjort av sekretær i samråd med Inatur.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek fyljande prisar og pakkar for reinskorta i 2019:

Ved rein bukkejakt:

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
1 kort	1700,-	
2 kort	3000,-	6000,-
3 kort	4300,-	



Dersom det blir ei kvote med dei vanlege kategoriane:

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
1 fritt dyr	1900,-	
2 fritt dyr	3500,-	7000,-
3 fritt dyr	5000,-	
1 s/u, 1 k	1800,-	
1 fritt dyr, 1 s/u, 1 kalv	3300,-	6600,-

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 25.

- Fjellstyret nyttar Inatur som salsside for reinskorta i 2019.
- Fjellstyret gir sekretær fullmakt til å setje opp aktuelle pakkar
- Fjellstyret gir fullmakt til at trekking og sal av jaktkort blir gjort av sekretær i samråd med Inatur.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 24.

Referat:

Ragnar Ystanes orienterte om møtet i regi av Villreinutvalet 26.2.2019. Villreinutvalet legg opp til ei kvote på 7000 bukk. Prisar og pakkar av kort blir laga med utgangspunkt i dette.

Styret samla seg om fylgjande prisar og pakkar:

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
1 bukkekort	1500,-	
2 bukkekort	3000,-	6000,-
3 bukkekort	4000,-	8000,-

Vedtak (sak UFS 11/19):

Fjellstyret vedtek fylgjande pakkar og prisar for reinskort i 2019:

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
1 bukkekort	1500,-	
2 bukkekort	3000,-	6000,-
3 bukkekort	4000,-	8000,-

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 25.

- Fjellstyret nyttar Inatur som salsside for reinskorta i 2019.



- Fjellstyret gir fullmakt til at trekking og sal av jaktkort blir gjort av sekretær i samråd med Inatur.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 24.

UFS 12/19: Budsjett

Saksdokument:

- 12-19 Framlegg budsjett 2019

Saksutgreiing:

Framlegg til budsjett er laga med utgangspunkt i signala om reinskvote, og med grunnlag i dei investeringane som er planlagde. Det er lagt til grunn ein auke i hytteutleiga, noko som er naturleg med tanke på den høge reinskvota, samt potensialet for auka utleige i sommarvekenene.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Styret slutta seg om framlegg til budsjett, med nokre justeringar. Det blei lagt til ein post for Fjellhelg på 10.000,-.

Sekretær søkjer om midlar til å dekke utgiftene til Fjellhelga.

Vedtak (sak UFS 12/19):

Fjellstyret vedtek framlegg til budsjett med endringane som blei gjort på møtet.

Samrøystes vedteke.



UFS 13/19: Uttale til krav om utvida fjellstyre

Saksdokument:

- 13-19 Krav om forsterka fjellstyre

Saksutgreiing:

Grendene på Oksenhalvøya, Kvanndal og Lussand, ved Samson Hamre, har sendt ein førespurnad til Ullensvang herad der dei ber heradet om å oppmode Statskog om å skipa forsterka fjellstyre i Ullensvang statsallmenning etter fjellova § 6. Dette er sendt i kopi til fjellstyret, med oppmoding om at fjellstyret vurderer saka og kjem med uttale til Statskog.

Ordlyden i fjellova § 6 fyrste stykket er som fylgjer: *«Ligg retten til allmenningsbruk til bygd eller grend i ein eller fleire andre kommunar enn den allmenningen ligg i, kan Kongen ta avgjerd om skiping av forsterka fjellstyre med representantar også frå den eller dei kommunane som berre har rett til allmenningsbruk.»*

Vidare står det i fjellova § 5 andre stykket: *«Før kongen tek avgjerd etter første stykket, skal fjellstyra og kommunestyra i dei kommunane det gjeld gjevast høve til å uttale seg. I avgjerda skal det fastsetjast kor mange medlemmer frå kvar kommune det skal vere i fellesstyret, og korleis det skal ordnast med val av leiar og nestleiar.»*

Fjellova § 5 tredje stykket: *«Fjellstyre etter paragrafen her kan ha fem eller sju medlemmer. Vert det valt meir enn fem, skal minst fire av medlemmene og varamedlemmene ha rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukarar.»*

Det går fram av § 6 at andre og tredje stykket i § 5 gjeld tilsvarande for § 6.

Fjellstyret er oppmoda om å vurdere saka og kome med uttale til Statskog.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Steinar Langesæter la fram fylgjande framlegg til vedtak:

- Ullensvang fjellstyre støttar kravet om forsterka fjellstyre etter fjellova § 6.
- Det bør vera sju medlemer i fjellstyret, med fylgjande fordeling: Ullensvang herad fire medlemer, Odda kommune to medlemer, og eit medlem frå dei områda med



allmenningsrett som ligg i andre kommunar i dag, samt dei områda som blir liggjande i andre kommunar etter justering av kommunegrenser i samband med kommunesamanslåing i 2020. Det blir vist til førearbeidet til gjeldande fjellov i Innst. O. Nr 39. 1974-75. I kapittel VIII «Departementets merknader til de enkelte kapitler og paragrafer» står det under paragraf 5: «Fordeling av fjellstyremedlemene kommunene imellom må ta utgangspunkt i den relative styrken av bruksinteressene mellom kommunene det gjelder.» Statsallmenningsareal i Odda kommune er 255.674 da og i Ullensvang herad 574.735 da.

- Ullensvang fjellstyre meiner det forsterka fjellstyret skal konstituera seg sjølv

Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Uttalen frå fjellstyret blir sendt til heradet, med kopi til Statskog.

Vedtak (sak UFS 13/19):

- Ullensvang fjellstyre støttar kravet om forsterka fjellstyre etter fjellova § 6.
- Det bør vera sju medlemer i fjellstyret, med fylgjande fordeling: Ullensvang herad fire medlemer, Odda kommune to medlemer, og eit medlem frå dei områda med allmenningsrett som ligg i andre kommunar i dag, samt dei områda som blir liggjande i andre kommunar etter justering av kommunegrenser i samband med kommunesamanslåing i 2020. Det blir vist til førearbeidet til gjeldande fjellov i Innst. O. Nr 39. 1974-75. I kapittel VIII «Departementets merknader til de enkelte kapitler og paragrafer» står det under paragraf 5: «Fordeling av fjellstyremedlemene kommunene imellom må ta utgangspunkt i den relative styrken av bruksinteressene mellom kommunene det gjelder.» Statsallmenningsareal i Odda kommune er 255.674 da og i Ullensvang herad 574.735 da.
- Ullensvang fjellstyre meiner det forsterka fjellstyret skal konstituera seg sjølv

Samrøystes vedteke.



UFS 14/19: Uttale til utkast til ny forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark

Saksdokument:

- 14-19 FM - Vurdering av dagens forvaltningsmodell og framlegg til ny modell

Saksutgreiing:

Fylkesmennene i Hordaland, Buskerud og Telemark har laga ei vurdering av dagens forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark og framlegg til ny modell (vedlagt). Fjellstyret ynskjer å gje ein uttale til Ullensvang herad og ordførarutvalet rundt Hardangervidda nasjonalpark om framtidig forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark. Framlegg til uttale blir sendt ut før møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Temaet blei kort drøfta. Hildegunn Espe orienterte om at utkast til uttale ikkje er klar til dette møtet. Utkast til uttale blir sendt ut til fjellstyremedlemmene når det er klart. Endeleg uttale frå fjellstyret blir sendt til heradet.

Vedtak (sak UFS 14/19):

Utkast til uttale blir sendt ut på e-post til fjellstyremedlemmene. Endeleg uttale frå fjellstyret blir sendt til heradet.

Samrøystes vedteke.



UFS 15/19: Fjellhelg 2019

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellhelga, som blir arrangert på rundgang av Ulvik fjellstyre, Eidfjord fjellstyre og Ullensvang fjellstyre, skal etter planen i år arrangerast av Ullensvang fjellstyre. Dette er eit tilbod for elevane i 6., 7. og 8. klasse i dei tre kommunane.

Det er eit arrangement som krev god planlegging, og innsats frå fjellstyremedlemmer, fjelloppsyn og foreldre. Planlegginga byrjar no, og det blir ein runde på diverse, blant anna:

- Tidspunkt
- Stad
- Aktivitetar
- Organisering

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyret foreslår helga 15.-16. juni, og at det blir lagt opp til å ha arrangementet i Isdalen som tidlegare år.

Sekretær lagar eit framlegg til plan for arrangementet, som blir sendt ut til fjellstyret. Det blir lagt opp til eit planleggingsmøte/orienteringsmøte før arrangementet.

Vedtak (sak UFS 15/19):

Sekretær planlegg arrangementet i tråd med referatet.



UFS 16/19: Møteplan 2019

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Sekretær ser det som naturleg å legge opp til eit møte tidleg i mai. Dersom ikkje noko uføresett skjer vil det ikkje bli lagt opp til nytt møte før i november.

Aktuelle veker for møta er veke 19 (byrjinga av mai) og 45 (byrjinga av november).

Møte i mai – veke 19 (aktuell dato måndag 6. mai)

Aktuelle saker:

- Reinsjakta 2019

Møte i november – veke 45 (aktuelle dato måndag 4. november)

Aktuelle saker:

- Oppsummering etter sesongen
- Plan for 2020 – hyttetilsyn, byggeprosjekt, tenestekjøp mm.
- Prisar 2020

Framlegg til vedtak:

Det blir lagt opp til fjellstyremøte i veke 19 og veke 45. I utgangspunktet er måndag fast møtedag. Dersom det blir endringar frå planen blir dette varsla snarast mogleg.

Referat:

Fjellstyret støttar framlegg til møteplan for 2019.

Vedtak (sak UFS 16/19):

Det blir lagt opp til fjellstyremøte i veke 19 og veke 45. I utgangspunktet er måndag fast møtedag. Dersom det blir endringar frå planen blir dette varsla snarast mogleg.

Samrøystes vedteke.



UFS 17/19: Eventuelt

Steinar Langesæter orienterte om lovutvalsarbeidet. Høyringsperioden er no over.

Høyringsinnspela er samla på denne sida: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---nou-201811-ny-fjellov/id2608828/?expand=horings svar>

Den endelege høyringsuttalen frå fjellstyresambandet blir sendt ut til fjellstyremedlemmene.

Ragnar Ystanes orienterte om møtet i regi av Villreinutvalet i Kinsarvik 26. februar om reinskvota 2019.